

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	19.12.2006	118/06	Olav Mongstad

Saksansv.: Olav Mongstad	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr: 06/1448 -1
--------------------------	---------------	------------------------

Evaluering av det politiske styringssystemet i Austrheim

Dokument i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.11.2006	Vedlegg til Sak Kommunestyret 19.12..doc	5015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre viser til rapport frå nemnda som har hatt i oppdrag å evaluera det politiske styringssystemet i kommunen. Med bakgrunn i tilrådingane frå nemnda, gjer kommunestyret slikt vedtak:

1. *Det politiske styringssystemet* kommunestyret gjorde vedtak om i sak 005/03 og 032/03, vert å føra vidare i kommunestyreperioden 2007 – 2011. Det vil vera viktig i tida framover at kommunestyret og administrasjonen har ei aktiv rolle i høve til korleis ein brukar det politiske styringssystemet. Dette for å få ordningar til å fungera etter dei målsetjingar og prinsipp styringssystemet byggjer på, og utnytta det potensialet til forbetringar, justeringar og endringar som ligg i modellen. Det vert vist til pkt. 6.1 og 6.2 i evalueringsnemnda sin rapport.
2. Ordninga med *mellombels utval* held fram etter det opplegget som har vore inneverande kommunestyreperiode, men bruken av slike utval bør utvidast. Det vert vist til pkt. 6.3 i evalueringsnemnda sin rapport.
3. *Temamøte bør brukast* i større grad enn kva ein har gjort til no, både med tanke på ei breiast mogleg drøfting av ei sak / eit tema og som ”påfyll” / informasjon til politikarane. Temamøte bør nyttast både for kommunestyret og som opne folkemøte. Det vert vist til pkt. 6.4 i evalueringsnemnda sin rapport.
4. Det vert lagt opp til at *spørjetime* vert ei fast ordning i kommunestyremøta. Det bør vurderast om denne ordninga og kan gjelda for innbyggjarane i kommunen som kan senda inn spørsmåla til spørjetimen, anten i brev, som e-post eller som telefaks. Det vert vist til pkt. 6.5 i evalueringsnemnda sin rapport.

5. Ordninga med *gruppeleiarforum* vert ført vidare med utgangspunkt i det reglementet som er utarbeidd for forumet sitt arbeid, men pkt. 1 i reglementet vert endra slik: Ordlyden ”*Ordføraren kallar inn til og leier møta i forumet* ” går ut.
Ny tekst vert:
”Oppgåva som leiar i forumet går på omgang mellom gruppeleiarane med ei funksjonstid på eitt år om gongen. Administrasjonen kallar inn til møta etter avtale med den som til ei kvar tid er leiar i forumet.
Det vert vist til pkt. 6.7 i evalueringsnemnda sin rapport.
6. I det vidare arbeidet med det politiske styringssystemet må ein sjå på korleis ein kan leggja til rette for *innbyggjarinitiativ / lokal forslagsrett* som eit lokalt demokratitiltak. Det er viktig at innbyggjarane vert gjort kjend med ordninga, då ein viktig føresetnad for at ei ordning skal verta brukt, er at det vert informert om høvet til å bruka ordninga. Det vert vist til pkt. 6.10 i evalueringsnemnda sin rapport.
7. Eldrerådet får tale- og forslagsrett i kommunestyret i saker som vedkjem rådet / dei eldre. Slik rett vil vera i tråd med intensjonane i det politiske styringssystemet der det m.a. er ei målsetjing å leggja til rette for auka medverknad og deltaking frå brukarar og publikum i politiske prosessar og sakshandsaming. Det vert vist til pkt. 6.11 i evalueringsnemnda sin rapport.
8. Kommunestyret vedtek *reglement* for organiseringa av og arbeidet i det kommunale eldrerådet. Evalueringsnemnda har utarbeidd utkast til slikt *reglement*, jf vedlegg 1 i rapporten frå evalueringsnemnda. Utkastet vert å senda eldrerådet for uttale før kommunestyret vedtek reglementet. Det vert vist til pkt. 6.11 i evalueringsnemnda sin rapport.
9. Ordninga med barne- og ungdomsråd vert oppretthalden. Kommunen (politikarar og administrasjon) må verta flinkare til å bruka barne- og ungdomsrådet i høve til saker som vedkjem barn og unge. Kommunestyret viser elles til det evalueringsnemnda seier om dei unge sitt engasjement i lokaldemokratiet og barne- og ungdomsrådet sin plass og funksjon i det kommunale styringssystemet, jf punkta 6.8 og 6.12 i nemnda sin rapport. Kommunestyret føreset at barne- og ungdomsrådet vert følgd opp i tråd med det som det vert peika på i evalueringsrapporten, punkta 6.8 og 6.12.
10. Det vert oppretta eit kommunalt *Råd for menneske med nedsett funksjonsevne* med verknad frå og med kommunestyrevalbolken 2007-11. Dette vil vera i samsvar med lova som krev at kommunane anten skal oppretta *råd* eller ha ei *anna representasjonsordning* som sikrar denne gruppa menneske open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for dei. Det vert vist til pkt. 6.15 i evalueringsnemnda sin rapport.
11. Kommunestyret vedtek *reglement* for organiseringa av og arbeidet i det kommunale *rådet for menneske med nedsett funksjonsevne*. Evalueringsnemnda har utarbeidd utkast til slikt *reglement*, jf vedlegg 2 i rapporten frå evalueringsnemnda. Utkastet vert å senda lokale lag / organisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne for uttale før kommunestyret vedtek reglementet. Det vert vist til pkt. 6.15 i evalueringsnemnda sin rapport.
12. Kommunen vil stå overfor viktige utfordringar i tida framover både når det gjeld å vidareutvikla det politiske styringssystemet i kommunen, følgje opp den evalueringa som her er gjennomført og fanga opp viktige signal om deltaking og engasjement i

lokalpolitikken. Det må vera ei prioritert oppgåve for kommunen å arbeida vidare med desse utfordringane. Det vert vist til pkt. 6.16 i evalueringsnemnda sin rapport.

Kommunestyret meiner dette må vera ei viktig oppgåve for *gruppeleiarforumet* i tida framover. Gruppeleiarforumet må og drøfta og leggja opp til rutinar og prosedyrar for korleis ein politisk og administrativt skal følgja opp det politiske styringssystemet og vurdera, evaluera og eventuelt endra systemet undervegs.

Ei hovudevaluering av det politiske styringssystemet vert å gjennomføra i god tid før kommunestyreperioden 2011-15 dersom ikkje anna vert bestemt.

13. Evalueringsnemnda sin rapport vert å leggja ved møteboka for kommunestyret. Rapporten vert å sjå på som eit grunnlagsdokument for det politiske og administrative arbeidet med å følgja opp og vidareutvikla det politiske styringssystemet i kommunen. Dette gjeld og i høve til dei punkta i rapporten som kommunestyret ikkje har kome inn på i punkta 1-12 i dette vedtaket.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2006:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-118/06 Vedtak:

Austrheim kommunestyre viser til rapport frå nemnda som har hatt i oppdrag å evaluera det politiske styringssystemet i kommunen. Med bakgrunn i tilrådingane frå nemnda, gjer kommunestyret slikt vedtak:

1. *Det politiske styringssystemet* kommunestyret gjorde vedtak om i sak 005/03 og 032/03, vert å føra vidare i kommunestyreperioden 2007 – 2011. Det vil vera viktig i tida framover at kommunestyret og administrasjonen har ei aktiv rolle i høve til korleis ein brukar det politiske styringssystemet. Dette for å få ordningar til å fungera etter dei målsetjingar og prinsipp styringssystemet byggjer på, og utnytta det potensialet til forbetringar, justeringar og endringar som ligg i modellen. Det vert vist til pkt. 6.1 og 6.2 i evalueringsnemnda sin rapport.
2. Ordninga med *mellombels utval* held fram etter det opplegget som har vore inneverande kommunestyreperiode, men bruken av slike utval bør utvidast. Det vert vist til pkt. 6.3 i evalueringsnemnda sin rapport.
3. *Temamøte* bør brukast i større grad enn kva ein har gjort til no, både med tanke på ei breiast mogleg drøfting av ei sak / eit tema og som ”påfyll” / informasjon til politikarane. Temamøte bør nyttast både for kommunestyret og som opne folkemøte. Det vert vist til pkt. 6.4 i evalueringsnemnda sin rapport.
4. Det vert lagt opp til at *spørjetime* vert ei fast ordning i kommunestyremøta. Det bør vurderast om denne ordninga og kan gjelda for innbyggjarane i kommunen som kan senda inn spørsmåla til spørjetimen, anten i brev, som e-post eller som telefaks. Det vert vist til pkt. 6.5 i evalueringsnemnda sin rapport.

5. Ordninga med *gruppeleiarforum* vert ført vidare med utgangspunkt i det reglementet som er utarbeidd for forumet sitt arbeid, men pkt. 1 i reglementet vert endra slik: Ordlyden ”*Ordføraren kallar inn til og leier møta i forumet* ” går ut.
- Ny tekst vert:
- ”Oppgåva som leiar i forumet går på omgang mellom gruppeleiarane med ei funksjonstid på eitt år om gongen. Administrasjonen kallar inn til møta etter avtale med den som til ei kvar tid er leiar i forumet.*
- Det vert vist til pkt. 6.7 i evalueringsnemnda sin rapport.
6. I det vidare arbeidet med det politiske styringssystemet må ein sjå på korleis ein kan leggja til rette for *innbyggjarinitiativ / lokal forslagsrett* som eit lokalt demokratitiltak. Det er viktig at innbyggjarane vert gjort kjend med ordninga, då ein viktig føresetnad for at ei ordning skal verta brukt, er at det vert informert om høvet til å bruka ordninga. Det vert vist til pkt. 6.10 i evalueringsnemnda sin rapport.
7. Eldrerådet får tale- og forslagsrett i kommunestyret i saker som vedkjem rådet / dei eldre. Slik rett vil vera i tråd med intensjonane i det politiske styringssystemet der det m.a. er ei målsetjing å leggja til rette for auka medverknad og deltaking frå brukarar og publikum i politiske prosessar og sakshandsaming. Det vert vist til pkt. 6.11 i evalueringsnemnda sin rapport.
8. Kommunestyret vedtek *reglement* for organiseringa av og arbeidet i det kommunale eldrerådet. Evalueringsnemnda har utarbeidd utkast til slikt *reglement*, jf vedlegg 1 i rapporten frå evalueringsnemnda. Utkastet vert å senda eldrerådet for uttale før kommunestyret vedtek reglementet. Det vert vist til pkt. 6.11 i evalueringsnemnda sin rapport.
9. Ordninga med barne- og ungdomsråd vert oppretthalden. Kommunen (politikarar og administrasjon) må verta flinkare til å bruka barne- og ungdomsrådet i høve til saker som vedkjem barn og unge. Kommunestyret viser elles til det evalueringsnemnda seier om dei unge sitt engasjement i lokaldemokratiet og barne- og ungdomsrådet sin plass og funksjon i det kommunale styringssystemet, jf punkta 6.8 og 6.12 i nemnda sin rapport. Kommunestyret føreset at barne- og ungdomsrådet vert følgd opp i tråd med det som det vert peika på i evalueringsrapporten, punkta 6.8 og 6.12.
10. Det vert oppretta eit kommunalt *Råd for menneske med nedsett funksjonsevne* med verknad frå og med kommunestyrevalbolken 2007-11. Dette vil vera i samsvar med lova som krev at kommunane anten skal oppretta *råd* eller ha ei *anna representasjonsordning* som sikrar denne gruppa menneske open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for dei. Det vert vist til pkt. 6.15 i evalueringsnemnda sin rapport.
11. Kommunestyret vedtek *reglement* for organiseringa av og arbeidet i det kommunale *rådet for menneske med nedsett funksjonsevne*. Evalueringsnemnda har utarbeidd utkast til slikt *reglement*, jf vedlegg 2 i rapporten frå evalueringsnemnda. Utkastet vert å senda lokale lag / organisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne for uttale før kommunestyret vedtek reglementet. Det vert vist til pkt. 6.15 i evalueringsnemnda sin rapport.
12. Kommunen vil stå overfor viktige utfordringar i tida framover både når det gjeld å vidareutvikla det politiske styringssystemet i kommunen, følgja opp den evalueringa som her er gjennomført og fanga opp viktige signal om deltaking og engasjement i

lokalpolitikken. Det må vera ei prioritert oppgåve for kommunen å arbeida vidare med desse utfordringane. Det vert vist til pkt. 6.16 i evalueringsnemnda sin rapport.

Kommunestyret meiner dette må vera ei viktig oppgåve for *gruppeleiarforumet* i tida framover. Gruppeleiarforumet må og drøfta og leggja opp til rutinar og prosedyrar for korleis ein politisk og administrativt skal følgja opp det politiske styringssystemet og vurdera, evaluera og eventuelt endra systemet undervegs.

Ei hovudevaluering av det politiske styringssystemet vert å gjennomføra i god tid før kommunestyreperioden 2011-15 dersom ikkje anna vert bestemt.

13. Evalueringsnemnda sin rapport vert å leggja ved møteboka for kommunestyret. Rapporten vert å sjå på som eit grunnlagsdokument for det politiske og administrative arbeidet med å følgja opp og vidareutvikla det politiske styringssystemet i kommunen. Dette gjeld og i høve til dei punkta i rapporten som kommunestyret ikkje har kome inn på i punkta 1-12 i dette vedtaket.
-

Særutskrift sendt:

Dato: 04.01.2007

Sign:

Dei politiske partia/gruppene ved leiar.

1. Saka gjeld:

I sak K-008/06 vart det oppnemnd eit mellombels utval som fekk i oppgåve å evaluera det politiske styringssystemet og bruken av mellombels utval.

Medlemmer i utvalet har vore.

Rolf Sandstad (leiar)

Trine Lerøy

Jan Nordø

Solveig Lerøy

Jon Valaker, seinare Øyvind Levinsen

Rådmann Jan Olav Osen har møtt i utvalet

Knut Risnes har vore sekretær for nemnda.

2. Saksopplysningar:

Arbeidet vart innleia med ein ”dialogkafé” 15. mai. Det som fram under den samlinga har fungert som eit grunnlag for nemnda sitt arbeid.

3. Vurdering:

Nemnda har utarbeidd ein rapport frå arbeidet, denne ligg som vedlegg til sakspapira.

Kort oppsummert kjem nemnda med fylgjande framlegg:

1. Det politiske styringssystemet held fram slik det har vore i perioden 2003-2007. Formannskapet sine oppgåver og funksjon vert uendra til slik det er i dag. Ein må heile tida sjå kritisk på kva saker som vert lagt fram for formannskapet til handsaming. Et bør vurderast om saker skal gå direkte til kommunestyret eller til handsaming i eit mellombels utval.
2. Ordninga med mellombels utval held fram og bør utvidast
3. Temamøte bør nyttast meir, ein bør også nytta dette for opne folkomøte
4. Spørjetimen bør vera ei fast ordning, ein bør vurdera om innbyggjarane kan senda inn skriftlege spørsmål i forkant av møta.
5. Gruppeleiariforum held fram, leiinga bør gå på omgang mellom gruppeleiariane.
6. Ein bør arbeida meir med ordninga innbyggjarinitiativ/lokal forslagsrett.
7. Eldrerådet får tale- og forslagsrett i kommunestyret i saker som vedkjem rådet.
8. Framlegg til reglement til eldrerådet vert å senda ut på høyring før kommunestyret vedtar eit endeleg reglement.
9. Barne- og ungdomsrådet vert oppretthalde. Kommunen bør verta flinkare i å bruka dette rådet.
10. Det vert oppretta eit kommunalt Råd for menneske med nedsett funksjonsevne med verknad frå kommunestyrebolken 2007-2011.
11. Framlegg til reglement for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert å senda ut på høyring før kommunestyret vedtar endeleg reglement.
12. Gruppeleiariforumet må ha som ei viktig oppgåve å arbeida vidare med å utvikla det politiske styringssystemet. Det må gjennomførast ei hovudevaluering av det politiske styringssystemet før kommunestyreperioden 2011-2015.
13. Rapporten frå evalueringsnemnda vert å leggja ved møteboka for kommunestyret.


I nemnda var det to dissensar frå nemndsmedlem Jan Nordø.

1. Ordninga med gruppeleiariforum vert ikkje ført vidare
2. Det vert oppretta eit eige utval for plansaker.

Nemnda legg fram eit fleirtalsvedtak som rådmannen sluttar seg til.

Etter nemnda si tilråding vil det politiske styringssystemet vera slik i perioden 2007-2011.

HOVUDSKISSE FOR POLITISK ORGANISERING GJELDANDE FOR PERIODEN 2007-2011.



4. Konklusjon:

Med dette legg rådmannen fram det nemnda tilrår som tilråding til vedtak.